

porsjon tolmod frå sjåførane som måtte sitje «stand by» i 3 døgn og vente på endeleg beskjed om når dei kunne starte inntransporten til Gardermoen, blei dei flokane som oppsto løyste på ein tilfredsstillande måte.

Avreisedagen kl. 14.00 var alle hestane vel framme på Gardermoen, der det vart enno nokre timar å vente før innlastinga kunne ta til. Hestane vart bundne langs eit gjerde, og ein prøvde å gjere ventetida best mogleg for dei ved å sørge for rikeleg med høyr og vatn. Containere hestane skulle stå i på flyet var komne med trailer frå København natta før, slik at ein kunne ta til med montering av desse medan ein venta på flyet. Dette vart gjort av flymannskapet. Vi andre hadde nok med å passe på at alt gjekk bra med hestane. Ca. ved midnatt kom flyet, ein Boieng 707 frå Caribbean Cargo, og innlastinga kunne ta til.

Innlastinga tok litt lengre tid enn ein hadde rekna med, slik at flyet fyrst kunne ta av ca. kl. halv fem om morgonen. Turen over til USA gjekk utan problem av noko slag, og var truleg meir ukomfortabel for tobeinte enn for firbeinte. Med 40 hestar, 15 tonn laks og mannskap på 7 ombord var det svært liten plass att til oss 6 andre som skulle vere med over. Dei fleste prøvde å få litt søvn på fiskekassar og høyballar mellom hestane og flyveggen, noko som ikkje var heilt enkelt.

Etter 7 timar flytid var vi framme på Stewart Air Force Base i New York, og lossinga kunne ta til. Hestane vart køyrde direkte til karan-



Dei tre hingstane, frå v.: Sanjar, Lindemann og Lunaren vel framme i USA.